



Barnehagen og skulen sin trelavvo er tagga og grisa til.

**Eit trist syn møtte born og tilsette i Uskedal barnehage i dag då dei kom til trelavvoen på Skårhaug. Bygget har vore utsett for hærverk med tagging, knusing av flasker og øydlegging av inventar. Lavvoen har i alle år vore open for fri bruk for born, bygdefolk og tilreisande. Nokre gonger før har ein vore utsett for uønska åtfærd, mellom anna hærverk på ovnen og at pulverapparat har vorte tømde.**

Lavvoen blir ofte brukt av barnehagen og skulen i bygda.

Det er trist at slikt som dette hender. Ein konsekvens av dette kan diverre bli at barnehagen må låsa lavvoen når den ikkje er i bruk av barnehage og skulen.



Hærverket gjeld også knusing av flasker.

Verksemdleiar i Uskedal barnehage, Ann Irene Sælre, fortel av barnehagen ikkje har mildlar til vedlikehald. Barnehagen kan heller ikkje bruka lønsmidlar på tilsyn. Til no har det stort sett fungert ved at forbipasserande og styremedlemer i Friluftslaget har synt ansvar for rydding og observasjon.

***Ann Irene Sæle oppmodar den eller dei som er ansvarlege for skaden om å kontakta henne. Det beste vil vera om det vert rydda opp utan at det vert ei offentleg sak. Ring eller ta kontakt straks med Uskedal Barnehage.***

Tekst/nett: Kristian Bringedal  
Foto: Uskedal Barnehage



Trelavvoen er laga på dungad i eit samarbeid mellom barnehage/skule, Uskedal Friluftslag og Uskedal Utvikling.